

Innskrivingsskjema

For å førebu oss på å ta i mot ditt barn treng vi informasjon frå deg:

- Godkjenning på at vi kan kontakte barnets barnehage, PPT og helsestasjon for overføring av nødvendig informasjon.
- Informasjon om barnets morsmål er noko anna enn norsk. Informer då om kva språk barnets førstespråk er.
- Medisinske opplysningar som de meiner vi på skulen treng å vite.
- Informasjon om målform (bokmål/nynorsk)

Det er viktig at opplysningane de sender blir behandla trygt og sikkert. Difor ber vi dykk om å nytte innskrivingsskjema digitalt. Då vert henvendinga lagd direkte i vårt arkivsystem, og ditt og barnets personvern vert ivaretakne. Vi ønskjer ikke at dykk sender oss opplysningane på epost.

Hvis du, eller ditt barn, ikke har norsk personnummer (11siffer) vil ikkje skjemaet virke. Du må då ta kontakt med oss på telefon, eller ved oppmøte.

For å finne innskrivingsskjemaet, søk etter "Skolestart" på bergen.kommune.no. Vi treng informasjonen så snart som mogleg og håpar de kan sende det inn seinast 15.04.2024.

Målform

Opplæringslova (§2-5) gjev føresette rett til å velje målform den skriftlege opplæringa skal vere på. Kryss av i innskrivingsskjemaet om dykk ønskjer at opplæringa skal skje på ei anna målform enn skulens hovudmål nynorsk. Les mer på:
www.bergen.kommune.no, søkjeord: "Målform i grunnskolen"

SFO-plass

Søknadsportalen for å søkje SFO-plass for 1.trinnselever hausten 2024 åpnar 15.april. Alle som søker får plass på SFO.

Meir informasjon finn du på:

www.bergen.kommune.no, søkjeord: "Skolefritidsordning".

Her finn du også informasjon om redusert betaling SFO, plassyper og søskensmoderasjon:

"Redusert betaling for SFO-plass

Vet du at om husstanden tjener mindre enn 570 900 kroner kan du søke om redusert betaling for SFO? Dersom inntekten er 350 000 kroner, eller lavere, vil barn i 1. klasse på SFO få gratis hel plass. Når du har mottatt skattemeldingen for 2023 kan du søke om redusert betaling som skal gjelde fra høsten av. For å kunne søke om redusert betaling må du ha søkt og takket ja til tilbud om SFO-plass. Husk at du må sende inn en ny søknad om redusert foreldrebetaling for hvert skoleår. "

Skuleskyss

Du kan lese om ordninga med skuleskyss på:

<https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/skole/grunnskole/skoleskyss/alt-om-skoleskyss>

Elevar som har meir enn to kilometer til skulen på 1.trinn (4km frå 2.trinn) har rett på skuleskyss. Søknader om skuleskyss grunna avstand, medisinske årsaker eller delt bustad gjer skulen, ta då kontakt med skulen for å få hjelp med det. Søknad om skuleskyss grunna trafikkfarleg veg må gjerast via Bergen kommunes digitale søknadsskjema på skuleskyssidene. Ordinær skuleskyss gjeld kun til og frå skuletid, det er kun ved medisinske vedtak at ein kan ha rett på skuleskyss også til SFO.

Førskuledag

Det vert litt seinere på våren sendt ut invitasjon med informasjon om førskuledag, foreldremøte og SFO-lunsj (for dei som skal byrje på SFO).

For meir informasjon om skulen:

Se skulens heimeside

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/adnamarka-skule>

Venleg helsing

Åse Moen Aarland

Rektor

Ådnamarka skule